



## Samarbeidsavtale mellom Ullensvang kommune og Ullensvang idrettsråd

### Forankring i offentlig lovverk

Idrettsråda er forankra i NIF sitt arbeid ut mot idrettslaga. Idrettsråda er sett saman av alle idrettslaga i kommunen som er medlemmer av NIF. Alle kommunar med fleire enn tre idrettslag skal jfr. NIFs lovverk ha eit idrettsråd.

- Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten i den enkelte kommune, organisert i NIF gjennom idrettskretsane og underlagt NIFs lover og vedtekter.
- Idrettslag med medlemskap i NIF blir automatisk medlem i idrettsrådet i sin kommune.

Arbeidsområde: Idrettsrådet skal arbeida for best mogeleg vilkår for idretten i kommunen. Idrettsrådet skal være ein arena for samarbeid mellom laga, idrettskretsen og kommunal mynde. Idrettsrådets oppgåver er mellom anna å formidla idrettslaga sine anleggsbehov, og vera med å fordela tilskot til idretten.

### Bakgrunn og mål for avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa levande lokalsamfunn der dei som bur i kommunen kjenner seg trygge og trives. Formålet med denne avtalen mellom Ullensvang kommune og Ullensvang idrettsråd er å styrka det viktige samspelet mellom kommunen og idretten. Dette skal medverka til at det blir avklara viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar mellom kommunen og idretten.

### Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som dei ulike klubbane og idrettslaga ønskjer å leggja fram for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal fremjast gjennom idrettsrådet. Dette betyr at kommunen ikkje avsluttar sakshandsaming av ei sak utan at den har vore på høyring i idrettsrådet eller at idrettsrådet har vore involvert på anna måte.

All kommunikasjon mellom Ullensvang kommune og Ullensvang idrettsråd skal vera open og offentlig.

### Høyringsrett

Ullensvang idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte vedkjem idretten eller som har konsekvensar for idretten. Ullensvang kommune sørgjer for at Ullensvang idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapira i dei aktuelle komiteane og til endeleg handsaming i kommunestyre.

### Administrative møte

Kommuneadministrasjonen og Ullensvang idrettsråd møtes etter behov og minst ein gong pr år. Kommunen kallar inn til møte dersom det er store endringar eller omleggingar i t.d. tilskotsordningar eller overføringar til idretten.

### Anlegg/nybygg

Ullensvang idrettsråd skal vurdere søknadar om anlegg/nybygg frå idrettslaga, og skal gjera prioriteringar av ulike type anlegg (store og små nye anlegg og rehabilitering av eksisterande anlegg) som innspel til dei kommunale planane. Ullensvang idrettsråd skal òg koma med innstilling til kommunen på den årlege prioriteringslista for innsending av spelemiddelsøknadar.

### Revisjon/Oppseiing av avtale

Avtalen skal evaluerast og rullerast kvart 4.år.

Avtalen kan elles reviderast dersom partane er einige om dette.

Kvar av partane kan seia opp avtalen med 12 mnd skriftleg varsel.

12.02.2020

Dato

Ring oss  
Telefon: 53 65 40 00  
Sentralbord: 09.00 - 15.00  
Org.nr 920 500 633

Ullensvang kommune

Kontakt oss  
Opheimsgata 31  
5750 Odda  
postmottak@ullensvang.kommune.no

Ullensvang Idrettsråd

Besøk oss  
Besøk innbyggjartorga i  
Jondal, Odda og Kinsarvik  
> [www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)